

# Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 25.august 2020

|                  |                                               |
|------------------|-----------------------------------------------|
| <b>Råd:</b>      | <b>Nysæter sokneråd</b>                       |
| <b>Tid:</b>      | <b>Tysdag 25.august 2020, kl. 17.00-19.00</b> |
| <b>Møtestad:</b> | <b>Nysæter kyrkje</b>                         |
| <b>Opning:</b>   | <b>Jørgen Knutsen</b>                         |

*" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "*

**Innkalla:** Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knutsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

**Forfall:** Marta Kristin Valvatne, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten.

## SAKLISTE

### **2020/34- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjent med denne tilføyinga:

2020/41-210: Høyringsuttale

### **2020 / 35-012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 26.mai**

Godkjent

### **2020 / 36-012.1: Til orientering: møteprotokoll frå AU 17.juni**

Tatt til vitande

### **2020/37- 120: Budsjettrevidering**

**Vedtak:** Me tek det framlagte reviderte budsjettet til vitande.

### **2020/38 – 411: Nye stolar i Nysæter kyrkje**

**Saksutgreiing:** «Uttale i høve byte av stolar i Nysæter kyrkje»-lydforholda: **Vedlegg 1**

«Nye stolar i Nysæter kyrkje»- estetikk: Karoline Emmerhoff: **Vedlegg 2**

**Vedtak:** Soknerådet støttar stolkomiteen sitt framlegg og tilrår innkjøp av 350 stolar av typen Faktor frå Fyresdal tre, stoff Sellegren Krus nr 513. Soknerådet sender saka vidare til fellesrådet som gjer endeleg vedtak og sender saka vidare til Biskopen for godkjenning.

### **2020/39- 217: Kyrkjevertar haust 2020**

**Saksutgreiing:** Grunna Covid 19 er det fleire av våre kyrkjevertar som ynskjer permisjon frå tenesta som kyrkjevert. Me treng fleire vertar.

**Vedtak:** Soknerådsmedlemmene vert utfordra til å vere kyrkjevert ein gong fram til jul. AU jobbar med å finne fleire vertar og sender soknerådsmedlemmene utarbeidd liste snarast råd. Om nokon har høve til å stilla på søndagar det ikkje står nokon, melder ein frå til AU.

# **Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 25.august 2020**

## **2020/40 -217: Kyrkjeskys:**

**Saksutgreiing:** Fram til mars 2020 hadde me ei kyrkjeskyssteneste. Dette var ei teneste som vart lite nytta. Årsak kan vere dårleg kunngjering av tilbodet, men det kan også vere lite trong for tilbodet. Denne tenesta fell naturleg vekk i perioden med strenge smitteverntiltak. Soknerådet vert utfordra til å ta stilling til om me vil halde fram med kyrkjeskys etter opphøyring av smitteverntiltaka.

**Vedtak:** Me avviklar ordninga med kyrkjeskys i si noverande form. Me ynskjer at ordninga på sikt kjem inn i kyrkjelyden sitt diakonale arbeid. AU har ein dialog med Rune Petterteig med tanke på kyrkjeskys til og frå mottaket.

## **2020/41- 210: Til orientering: Høyringsuttale om endra stillingsstruktur og oppgåvefordeling i staben ved Kyrkjekontoret.**

### **Slik vert arbeidsområda på kontoret fordelte:**

**Administrasjon:** Reidun Andersen 75 %  
Liv Kari Bru ved behov

**Kyrkjevevje:** Reidar Ådnanes 80%  
Liv Kari Bru 20 %

**Kyrkjelydspedagog:** Elisabeth Fauskanger- einingsleiar 100%  
Brynhild M Stautland 60 %  
Anne B Nilsen 60%

**Diakoni :** Olaug Irene Arnesen Gloppen 50 %

**Diakonstillinga:** Dersom det ikkje har kome særskilde merknader i intervju, rår me til at Olaug Irene Arnesen Gloppen vert tilsett som diakon.

**Årsvikariat i stillinga som kyrkjelydspedagog:** Dersom det ikkje har kome særskilde merknader i samtalar, rår me til at Anne B Nilsen vert tilsett i årsvikariat som kyrkjelydspedagog.

**Kyrkjetenar i Nysæter:** Dersom det ikkje har kome særskilde merknader i intervju, rår me til at Sigrid Theodorsen Langøy vert tilsett som kyrkjetenar i Nysæter kyrkje.

**Denne saka er handsama i AU og vart tatt til vitande i soknerådet.**

## **2020/42- 310: Kursdag om gudstenesteordninga**

**Saksutgreiing:** Sokneråda skal starte opp arbeid med ny gudstenesteordning. I samband med innføring av ny gudstenesteordning frå 1.søndag i advent 2020 (utsett til pinse 2021), skal soknerådet vedta ny lokal grunnordning. Som del av kursdagen 22.august vert det lagt opp til at sokneråda i Stord kommune gjer vedtak om oppstart av arbeidet, som t.d. tidsplan og ansvarsfordeling for arbeidet med framlegg til ny ordning.

**Vedtak:** Nysæter sokneråd rår til at prosessen med ny Gudstenesteordning startar i felles gudstenesteutval snarast råd.

Me ynskjer vidare at Stord og Nysæter kyrkjelyd får tilnærma lik gudstenesteordning.

Gudstenesteutvalet samarbeider tett med AU i Nysæter sokneråd.

Referata frå møta i Gudstenesteutvalet vert sendt heile soknerådet slik at soknerådsmedlemene kan koma med innspel undervegs.

# Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 25.august 2020

## Generell info:

- Kyrkjelege aktivitetar framover
  - Smittevern- me føl gjeldande smittevernreglar
  - Gudstenestene framover føl oppsett gudstenesteliste
  - Dåpsgudstenester vert etter kl 13.00, etterhøgnessa
  - Trusopplæringstiltaka byrjar gradvis medio september med babysang ( 0 – 1 år) annakvar måndag kl 11-12. Alle har med niste og babyteppe. Kortare program enn før og «stramare regi». Håpar å få til «open kyrkje» for 1-6 år ein gong pr mnd – ettermiddagstid. «Lys vaken» utan overnatting og Utdeling av 4-årsbok utan undreturen om lørdagen.
  - Salmekveld 6. september Sanctus og musikarar
  - Inspirasjonssamling/NMS 12.11 på Bremnes. Dette vert vidareseint misjonskontaktane i soknerådet
  - Stolane i kyrkja: me tenkjer lurt om korleis dei gamle stolane kan nyttast av andre. Gjenbruk?
- Mat på soknerådsmøta: me går over til kaffi og kjeks som vert laga på omgong i kyrkja.

Marit Stalheim Grimstad  
Soknerådsleiar  
Sign

Oddbjørg K. Løkling  
Nestleiar /referent  
Sign

Neste møte i soknerådet vert 20.oktober 2020

Kaffi: Jens Arne Stautland  
Opning: Oddbjørg Løkling